

# Prosjektplan for prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal»



## Innholdsfortegnelse

1.0 Mål og rammer .....	4
Bakgrunn .....	4
Dokumentasjon og avgjersler.....	5
Melding til stortinget 6 (2019-2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO .....	7
Effekt mål .....	8
Delmål: .....	8
Resultatmål for hovudprosjekt .....	9
Leveransar .....	9
Tid .....	10
Rammer og avgrensing.....	10
Hovudprosjekt .....	10
Delprosjekt .....	11
Felles for begge prosjekta .....	11
2.0 Prosjektorganisasjon .....	11
Ressursgruppe: .....	11
Arbeidsgruppe .....	12
3.0 Prosjektoppfølgning .....	12
Planlagde avgjerdspunkt .....	12
Statusrapportering .....	13
Milepålar .....	13
4.0 Målgrupper, interessentar og kommunikasjonsstrategi.....	14
Interessentar/målgrupper .....	14
Kommunikasjonsstrategi.....	14
5.0 Risikovurdering.....	15
6.0 Gjennomføring .....	15
Desse førebyggjande tiltaka er i Lærdal kommune pr. no:.....	16
Desse tiltaka vert det behov for i tida framover: .....	16
Førebyggjande tiltak med systematisk tilnærming og fokus på å fremje eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø.....	16
Samordna tverrfagleg samarbeid- samhandlingsmodell .....	19
Auka fokus på tidleg innsats og lågterskeltilbod i kommunen .....	20

Koordinator for det tverrfaglege arbeidet .....	22
Plan for foreldrerettleiing .....	22
Hovudaktivitetar.....	24
Tids og ressursplanar .....	24
7.0 Økonomi .....	24
8.0 Kontraktar og avtalar.....	24
9.0 Litteraturliste.....	25
10.0 Vedlegg.....	28

## 1.0 Mål og rammer

### Bakgrunn

Nasjonale lovverk og retningslinjer gir klare føringar for kommunane sitt førebyggande og helsefremmande arbeid retta mot barne- og ungdomsbefolkninga. Det vert særleg fokusert på samordna tenester og førebygging. Kvar og ein instans har plikt til å samarbeide med andre velferdstenester når det er naudsynt for å gje eit heilskapleg tenestetilbod.

Førebygginga skal starte før barnet vert fødd, og varar livet ut. Den nye barnevernsreforma som trer i kraft 2022, også kalla oppvekstreforma, gjer at kommunane overtek ansvar som barnevernstenesta tidlegare har hatt. Årsaka er at kommunane og dei kommunale instansane har større nærheit til brukargruppa. Målet med reforma er blant anna å styrke kommunane sitt arbeid med førebygging og tidleg innsats, tilpasse hjelpa betre etter familiaranes behov og legge til rette for betre tverrfagleg samarbeid på individ- og systemnivå, (Bufdir 2021a, barnevernlova 1992, endringslov til velferdstjenestelovgivningen 2021).

Ungdataundersøkinga for 2021 (Velferdsforskningsinstituttet NOVA, 2021) syner at ungdommar i Lærdal er mindre nøgde med nærmiljø og skule enn i Noreg elles. Det er berre 14 % av ungdommane i Lærdal som er svært nøgd med lokalmiljøet, samanlikna med 38 % elles i Noreg. Når ein ser tilbake til 2017 er det ein nedgang på 23 % i kor nøgde ungdommane i Lærdal er med lokalmiljøet. Ungdata syner vidare at nær halvparten så mange ungdommar er med på organiserte fritidsaktivitetar i 2021 som i 2017, at dei kjedar seg meir på skulen og har liten tru på at dei kjem til å ta høgare utdanning utover vidaregåande skule. Talet på dei som oppgjev å ha utført skadeverk eller nasking, er også høgare i 2021 enn i 2017.

I likskap med tala frå ungdatabasane syner erfaring frå kommunen også at fleire unge utfører hærverk og eksperimenterer med rus i større grad enn tidlegare. I tillegg syner tal frå Folkehelseinstituttets oppvekstprofil (2021) at 8.6 % av born og unge i Lærdal kommune har tiltak frå barnevernstenesta, samanlikna med 4 % i Vestland fylkje og 4.2 % i Noreg elles. Tal tilvisingar til spesialisthelsetenesta, til dømes BUP, er også høgare enn samanlikna med landsgjennomsnittet.

På den andre sida syner Ungdataundersøkinga positiv trend i høve mobbing. Her har tala gått ned samanlikna med undersøkinga frå 2017. Dette melder ungdommane tilbake at det er mindre av enn tidlegare, og arbeidet som har vore sett i verk med handlingsplan og observasjon, bevisstgjerings og kompetanseheving har hatt positiv effekt. Dette vert viktig å bygge vidare på. Nulltoleranse mot mobbing og vidare førebygging må vere ei viktig vidare satsing gjennom program som MOT. Undersøkinga syner og positiv trend når det kjem til sosiale medium. Her har det og vore lagt inn førebyggjande arbeid med tema nettvett og «delbart» blant anna frå politi og IKT.

Ungdommane sjølv har vore involvert i utarbeidinga av prosjektmandatet, gjennom ungdomsrådet og ulike workshops på skulen. Ungdommane gjev ei tydeleg attendemelding på at oppvekstmiljøet i Lærdal er prega av negative haldningar mot skule og lokalsamfunnet elles. Det vert brukt ord som «Lærdal er eit hol». I tillegg fortel dei at ungdomsmiljøet er prega av større uttesting av rusmidlar, som til dømes pillar, enn tidlegare. Dei opplev òg press når det gjeld steling, tysting og skulepress. Ungdommane etterlyser meir medverknad og større nærleik til vaksne både i skulen og på fritida.

Kommunen sine allereie eksisterande tilbod vert no utfordra. Det er behov for at ein tenkjer annleis, meir heilskapleg og kjem tidlegare inn enn før, for å førebyggje at skeivutvikling og mistrivsel oppstår. Felles fokus i dei kommunale einingane vert viktig i arbeidet med tidleg innsats. Med bakgrunn i dette er prosjektet «Tett på born og unge i Lærdal» etablert. Prosjektet skal bidra til å styrke den tidlege innsatsen og det tverrfaglege samarbeidet kring born og unge mellom 0-20 år, og deira familiar. I tillegg skal prosjektet bidra til å vidareutvikle eit trygt og godt oppvekstmiljø i kommunen. Helsestasjons- og skulehelsetenesta fekk våren 2021 midlar til å jobbe tettare på born, unge og deira familiar. Dette prosjektet kjem inn som eit delprosjekt av «Tett på born og unge i Lærdal» og tiltaka vert beskrive i planen for gjennomføring av hovudprosjektet.

### Dokumentasjon og avgjersler

Kravet til førebygging, tverrfagleg samarbeid og tidleg innsats er og lovfesta gjennom:

- Lov om endringar i velferdtenestelovgivinga

- barnehagelova
- opplæringslova
- barnevernlova
- helse og omsorgstenestelova
- sosialtenestelova
- folkehelselova
- politilova
- grunnlova

Prosjektet tek òg utgangspunkt i nasjonale og kommunale rettleiarar, planar og rapportar:

- Barnekonvensjonen
- Lokalt rusmiddelførebyggande arbeid i eit folkehelseperspektiv
- Nasjonalfagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Utredning av bindande bemanningsnorm i helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetenesta
- Rammeplan for barnehagen
- Friheit frå vald
- Opptrappingsplan mot vald og overgrep
- Plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge i Lærdal 2019-2020
- Frå eldst til yngst- samanhengen barnehage-skule/SFO
- Kommunal plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø
- Utviklingsmelding for oppvekst 2021
- Tilstandsrapport for barnevernstenesta 2021
- Frå kunnskap til handling- nasjonalfagleg retningslinje

Mandatet for prosjektet er utarbeida av prosjekteigar (kommunedirektør Gunn Lerøy) og prosjektansvarleg (rådgjevar for oppvekst Camilla Grøtnebø), og vart vedteke i utval for


levelkår og kommunestyret juni 2021. Ressursgruppa for prosjektet har representantar frå barnevernet, skule, barnehage, NAV, PPT, politiet, kommunepsykolog, helsestasjon- og skulehelsetenesta, psykisk helseteneste og rådgjevarar for oppvekst og helse. Ressursgruppa bidreg aktivt med innspel til prosjektet. I tillegg er mandatet lagt fram for Lærdal ungdomsråd, det er og gjort undersøkingar blant ungdomane sjølv om korleis dei opplever dei kommunale tenestene, og kva dei saknar i nærmiljøet.

Barneombodet (2021) har gjennom ei ekspertgruppe innhenta ungdomars eigner erfaringar når det gjeld samordna tenester og tverrfagleg samarbeid. Eit av ungdomanes klaraste råd til det offentlege støtteapparatet, er at ungdommane må lyttast til og involverast i samarbeidet og avgjersler som blir teken. Dette er også ei klar føring både i barnekonvensjonen artikkel 12 og i Grunnlovens § 104, og vert viktig å ta med seg vidare i prosjektet.

Melding til stortinget 6 (2019-2020) Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO

Stortingsmeldinga gjev klare råd og forventningar til kommunane i samband med oppvekstreforma, og blir eit viktig dokument for vidare utvikling av prosjektet.

«Barnehagane, skulane og det lokale støttesystemet må samarbeide godt slik at barna og elevane får eit heilskapleg tilbod og rask tilgang til relevant kompetanse.» (Meld. St. 6 2019-2020) s. 13)



(meld. St. 6. s. 79)

Regjeringa vil sikre at alle born og unge får den hjelpa dei treng når dei treng det, og at hjelpa skal være så nær born og unge som mogeleg. Ein viktig faktor for å lukkast med tverrfagleg samarbeid, er å ha ein koordinator som syter for kontinuitet og samhandling. Det er òg naudsynt å rette det tverrfaglege samarbeidet mot større grupper, og ikkje berre mot enkeltindivid. Det vil blant anna kunne styrke kommunens lærings- og oppvekstmiljø, og bidra til å tidlegare identifisere enkeltindivid som har behov for tettare oppfølging (Meld. St. 6 s.78- 83). I oppvekstreforma er det forventa eit auka nærvær av alle kommunale instansar, og at ein er meir til stades på dei arenaene der born og unge allereie er: i barnehage og skule.

## Effekt mål

Hovudmål:

- Gjennom tidleg innsats skal me styrke born og unge sin sosiale kompetanse, arbeide effektivt med førebygging av åtferdsutfordringar og halde systematisk fokus på å fremja eit godt og inkluderande oppvekstmiljø.

Delmål:

- Alle etatar i Lærdal kommune skal gjennom tverretatleg samarbeid dra nytte av kvarandre sin kompetanse.
- Alle etatar i det er ansvarlege for å jobbe mot eit felles mål.
- Lærdal kommune skal gjennom tverretateleg samarbeid utvikle eit samordna, heilskapleg og relevant tenestetilbod til born og unge
  - Lærdal kommune skal tidleg fange opp born og unge som slit fagleg og sosialt, og på den måten fremje eit godt og inkluderande oppvekstmiljø.
  - I yngre aldersgrupper bør arbeidet bli retta mot faktorar som styrkar kommunikasjonsferdigheiter og sosial problemløysing, samt å styrke skulefaglege ferdigheiter
  - Overgangar skal vere prega av tryggleik, kontinuitet og pedagogisk samanheng



- Lærdal kommune skal fremja samarbeid mellom foreldre og mellom foreldre og etatar

Ved å:

- Gje informasjon og rettleiing
  - Opprette tilbod til foreldre (eks. tilbod om foreldrerettleiing, samtalegrupper osv.)
  - Kommunen skal jobbe systematisk og heilskapleg med familiar og born som har behov for ekstra støtte. Dette bør skje igjennom tidleg innsats.
  - Born og unge si stemme skal bli høyrd både når det gjeld sakar som angår dei, men og i utviklinga av nye tenester til born og unge.
- Alle etatar som arbeidar med born og unge i Lærdal skal tenkje tverrfagleg, kjenne til kvarandre sin kompetanse og bruke kvarandre aktivt slik at alle jobbar mot det same målet.
  - Lærdal kommune skal ha rutinar for samarbeid som sikrar openheit, aktiv deltaking frå brukarane og kontinuitet i samarbeidet mellom dei ulike etatane. Det bør derfor utarbeidast eit felles samhandlingssystem og rutinar for dette, deriblant eit standardisert samtykkeskjema.

## Resultatmål for hovudprosjekt

Leveransar

Kommunen skal gjennom hovudprosjektet «Tett på»:

1. Ha ei portefølje med dokumenterte førebyggjande tiltak på alle nivå og ha personale som arbeidar systematisk med førebygging, og som har kontinuerleg fokus på å fremje eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø ved å bruke desse rutinane og verktøya
2. Ha klare rutinar og ein innarbeida kultur hjå dei tilsette, for å oppnå tverrfagleg samarbeid. Det skal vere implementert ein samhandlingsmodell som kvalitetssikrar det tverrfaglege samarbeidet og oppfølging av enkeltindivid.

3. Alle instansar skal arbeide på ein måte som sikrar tidleg innsats blant anna gjennom lågterskeltilbod og auka tilgjengelegheit både direkte til brukarane, men òg gjennom lett tilgjengeleg informasjon, til på dømes kommunen heimeside.

Alle måla er store og til dels vanskelege å måle effekten av. Det er òg viktig å presisere at ein tek sikte på ei varig implementering av prosjektet. Soleis har ein ikkje ein dato for avslutning, men det er heilt naudsynt med regelmessig evaluering og forbetring gjennom:

- Systematisk kartlegging og samtale med dei tilsette i kommunen. Både leiarar og andre tilsette (gjerne gjennom spørjeundersøking).
- Systematisk kartlegging (gjerne gjennom spørjeundersøking) og samtale med brukarar og deira føresette.
- Systematisk kartlegging og samtale med ungdommane i kommunen gjennom ungdomsråd og workshop's.
- Nytte tilgjengeleg statistikk frå blant anna ungdata, Folkehelseinstituttets oppvekstprofil og kommunehelsa statistikkbank

#### Tid

Evalueringa bør setjast inn i eit eige årshjul der prosjektleiar følgjer opp ei gong pr. år frå implementering av prosjektet tek til. Det vil ta tid å utarbeide ein kvalitetssikra spørjeundersøking til tilsette og til brukarane av tenestene. Utarbeiding av undersøkinga bør gjerast i samarbeid med personvernombodet for å sikre rett behandling og ivaretaking av personopplysningar.

### Rammer og avgrensing

#### Hovudprosjekt

Hovudprosjektet har ingen sluttdato, då det er vedteke at prosjektet skal bli ein mal for den tidlege innsatsen og det tverrfaglege samarbeidet i Lærdal kommune. Det vert difor ekstra viktig med ei kontinuerleg evaluering av planar og tiltak. Dei fyrste fire åra av hovudprosjektet er finansiert med støtte frå Helsedirektoratet, med gradvis nedtrapping over fire år. Målet er at mange av tiltaka etter kvart skal verte «sjølvgåande», og ikkje krevje ressursar utanom den faste bemanninga. Hovudprosjektet er sopass stort og inkluderer mange av dei kommunale einingane, men òg interkommunale og statlege einingar. Det vil

sei at mange av dei beskrivne tiltaka krev langsiktig koordinering og oppfølging i dei ulike instansane, for å få ei varig endring av rutinar og allereie etablert kultur.

#### Delprosjekt

Delprosjektet «Tettare på» har fått tilskot til lønsmidlar frå helsedirektoratet som går over 3 år frå 2021 til og med 2023. Lønsmidlane tilsvara 50% helsesjukepleiarstilling som ikkje går inn i grunnbemanninga, men som skal arbeide med konkrete tiltak for å styrkje helsestasjons- og skulehelsetenesta i det førebyggjande arbeidet, samt sikre tidleg innsats. Desse tiltaka er beskrive i tiltaksplanen og markert med \*.

#### Felles for begge prosjekta

Undervegs i prosessen med utarbeiding av prosjektplanen, kom det fram nokre fleire behov enn det som i utgangspunktet ligg i prosjektmandatet. Det vil òg seia noko fleire utgiftspostar enn fyrst anteke, sjå vedlegg IIII- Budsjett. Ein er avhengig av at politikarar og kommunen sin administrasjon ser tiltaka som naudsynte, og at det vert løyvd ressursar for å kunne iverksette implementering av desse tiltaka.

## 2.0 Prosjektorganisasjon

**Styringsgruppe:** Kommunedirektør Gunn Lerøy

**Prosjektansvarleg:** Camilla Grøtnebø

**Prosjektleder:** Silje Eidsgaard Langehaug

#### Ressursgruppe:

Camilla Grøtnebø (rådgjevar for oppvekst), Silje Eidsgaard Langehaug (prosjektleder), Sari Kumpula (helsesjukepleiar), Marianne Øren (helsesjukepleiar), Mads Rekve (kommunepsykolog), Solveig Grøthe (rektor Lærdalsøyri barne og ungdomsskule), Ingrid Kristina Rio (Rektor Borgund oppvekstsenter), Anne Margrete Hatlelid (einingsleder Lærdalsøyri barnehage), Torunn Vethe Gram (styrar Borgund barnehage), Kari Klingenberg (miljøarbeidar Lærdalsøyri barne og ungdomsskule), Vibeke Fushe Moe (leder PPT), Einar Moen (leder NAV Aurland/Lærdal), Sarah Askvik (prosjektleder «springbrettet», NAV), Anja Brekke Moldvær (leder Aurland og Lærdal barnevernsteneste), Hilde Strand (Aurland og Lærdal barnevernsteneste), Åge Bøyum (rådgjevar helse og omsorg), Janne Natvik (leder

psykisk helseteneste), og Marit Breistøl (tenestestadsleiar for politiet i Aurland, Lærdal og Årdal).

Representant frå Lærdal ungdomsråd er med ved behov.

Prosjektplanen sendes på høyring til dei ulike medlemmane i ressursgruppa før den skal opp i utval for levekår.

### Arbeidsgruppe

Det er sett ned ei arbeidsgruppe til å greie ut kva foreldrerettleiingsprogram som passar best til kommunen sin organisasjon og innbyggjarane sine behov. Bestillinga frå prosjektleiar er at arbeidsgruppa skal sjå på følgande punkt:

- Kva foreldrerettleiingsprogram bør kommunen satse på i tida framover?
  - o Kva behov finst i kommunen?
- Kva einingar bør programma knyttast til?
- Kven skal ha ansvar for at programma vert drivne i tida framover?

Grunna koronasituasjonen har arbeidsgruppa kommi med skriftlege attendemeldingar på desse spørsmåla.

Arbeidsgruppemedlemmar: Sari Kumpula (leiande helsesjukepleiar), Camilla Grøtnebø (rådgjevar for oppvekst og prosjektansvarleg), Anne Margrethe Hatlelid (barnehagane), Anja Brekke Moldvær (barnevernstenesta), Vibeke Fushe Moe (PPT) og Silje Eidsgaard Langehaug (prosjektleiar).

## 3.0 Prosjektoppfølgging

### Planlagde avgjerdspunkt

Dato	Type møte	Beslutningsgrunnlag (dokumentasjon)	Deltakarar	Gjennomført
17.11.21	Informasjonsmøte om MOT	Forslag om implementering av MOT som førebyggjande program i ungdomsskulen	Solveig Grøtthe, Camilla Grøtnebø og Silje E Langehaug	Ja
29.11.21	Ungdomsskuletrinnet har hatt	Informasjon og drøfting	Ungdomstrinnet Inspektør, Eva Hage Solstad	Ja

	informasjonsmøte om MOT			
01.12.21	Ressursgruppemøte	Nedsett arbeidsgruppe - foreldrerettleggingsprogram	Ressursgruppa	Ja
01.12.21	Ressursgruppemøte	Felles retning for tverrfagleg samarbeid på systemnivå	Ressursgruppemøte + skriftlege innspel	Ja
08.12.21	Skriftleg innspel frå ressursgruppa	Attendemelding frå dei einingane som ikkje deltok på ressursgruppemøte 01.12.21. Manglar innspel frå Borgund barnehage		Ja
13.12.21	Møte prosjektansvarleg og prosjektleiar	Vegen vidare – gjennomgang av prosjektplan og tiltaksplan		Ja
17.12.21	Møte arbeidsgruppe	Kva foreldrerettleggingsprogram bør kommunen satse på i tida framover?	Arbeidsgruppa	Avlyst
22.12.21	Skriftlege attendemeldingar frå arbeidsgruppa	Kva foreldrerettleggingsprogram bør kommunen satse på i tida framover?	Arbeidsgruppa	Ja

### Statusrapportering

Det er oppsett plan for statusoppdatering mellom prosjektansvarleg og prosjektleiar med møtepunkt kvar månad. Prosjektansvarleg rapporterer vidare til styringsgruppa.

Rapporteringsfrist for hovudprosjekt er:

- 1.februar året etter at tilskotsmidlane var tildelt

Rapporteringsfrist for delprosjekt er:

- 1.april året etter at tilskotsmidlane var tildelt

Det skal rapporterast årleg på begge tilskotsordningane inntil midlane tek slutt.

Rapporteringa gjerast gjennom Altinn.no.

### Milepålar

17.12.21	Møte i arbeidsgruppa – sjå på alternative foreldrerettleggingsprogram
15.01.22	Lande plan for foreldrerettleggingsprogram
17.01.22	Sende prosjektplan på høyring
01.02.22	Innspel på prosjektplan frå alle samarbeidande einingar/instansar
03.02.22	Prosjektplan opp til utval for levekår
15.02.22	Prosjektplan opp til Lærdal ungdomsråd
15.02.22	Prosjektplan ferdigstilles og signerast av prosjektansvarleg og prosjektleiar

## 4.0 Målgrupper, interessentar og kommunikasjonsstrategi

### Interessentar/målgrupper

Hovudmålgruppa:

- Alle gravide, born, unge og deira familiar i Lærdal kommune.
- Alle tilsette som arbeidar med gravide, born, unge og deira familiar i Lærdal kommune

Andre interessentar:

- Alle leiarar for einingar som yter teneste til gravide, born, unge og deira familiar i Lærdal kommune
- Kommuneleiing og politikarar
- Politi og spesialisthelsetenesta
- Idrettslag, kulturskule og frivilljuge organisasjonar

### Kommunikasjonsstrategi


Målgruppe/interessentar	Mål	Bodskap	Kommunikasjonsform	Ansvarleg
Befolkning Lærdal kommune	Nå ut med informasjon om prosjektet  Lågare terskel for kontakt		Artikkel Sogn avis ved implementeringa sin start.  Oppdatert og tilgjengeleg informasjon på kommunen sin heimeside.	SEL
Brukargruppa gravide, born, unge og familiar	Nå ut med informasjon om prosjektet  Lågare terskel for kontakt		Artikkel Sogn avis ved implementeringa sin start.  Oppdatert og tilgjengeleg informasjon på kommunen sin heimeside.	SEL
Ungdomsgruppa	Nå ut med informasjon om prosjektet  Lågare terskel for kontakt		Artikkel Sogn avis ved implementeringa sin start.  Oppdatert og tilgjengeleg informasjon på kommunen sin heimeside  Nytte sosiale media og plattformer som ungdommen nyttar  Møte ungdommane på skulen/ungdomsklubb	SEL

			Sende info til dei vidaregåande skulane	
Tilsette som arbeider med gravide, born, unge og familiar	Kunnskap om prosjektet, verktøy, rutinar og felles forståing		Felles fagdag/kickoff Infoskriv, tverrfaglege møtepunkt, undervisning	SEL
Leiarar for einingar som yter teneste til gravide, born, unge og deira familiar	Kunnskap om prosjektet, verktøy, rutinar og felles forståing		Felles fagdag/kickoff Infoskriv, tverrfaglege møtepunkt, undervisning	SEL
Politi	Kunnskap om prosjektet, verktøy, rutinar og felles forståing		Felles fagdag/kickoff	SEL
Spesialisthelsetenesta	Kunnskap om prosjektet, verktøy, rutinar og felles forståing		Felles fagdag/kickoff	SEL
Idrettslag, kulturskule og friviljuge organisasjonar	Kunnskap om prosjektet, verktøy, rutinar og felles forståing		Artikkel Sogn avis ved implementeringa sin start. Infoskriv, tverrfaglege møtepunkt, undervisning	SEL
Kommunen sine politikarar og administrasjon	Kunnskap om prosjektet, verktøy, rutinar og felles forståing		Felles fagdag/kickoff Informasjon gjennom møtepunkt, utval og kommunestyre	SEL

## 5.0 Risikovurdering

Sjå vedlegg V- Risikoanalyse

## 6.0 Gjennomføring



(Bilete er lånt av Bufdir 2021d)

For å få eit heilskapleg bilete av kva tiltak og kompetanse kommunen allereie har og kva tiltak og kompetanse det vil vere behov for framover vert det sortert etter universelle, selektive og indikative tiltak i samsvar med trekanten vist over.

**Universelle: tiltak for alle born, unge foreldre utan identifisert individ eller gruppe med forhøga risiko**

**Selektive: tiltak mot grupper/individ der det er ei undring eller kjent/forhøga risiko for utfordringar**

**Indikative: tiltak for individ som har høg risiko/tydelege utfordringar**

Desse førebyggande tiltaka er i Lærdal kommune pr. no:

Sjå vedlegg I- oversikt over eksisterande tiltak

Desse tiltaka vert det behov for i tida framover:

Førebyggande tiltak med systematisk tilnærming og fokus på å fremje eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø

Oversikta over noverande tiltak syner eit klart behov for ei meir systematisk tilnærming når det gjeld førebyggande arbeid i kommunen, på individ, gruppe og systemnivå. Det er få etablerte tiltak som tek sikte på å styrke oppvekst- og læringsmiljøet i kommunen. Det er pr. no få eller ingen overordna tverrfaglege faste møter mellom dei kommunale instansane på systemnivå. Det er heller ikkje etablerte ressursteam/tverrfaglege møter på skulane eller i barnehagane. Oversikta syner og eit behov for ei meir evidensbasert og heilskapleg tilnærming når det gjeld foreldrerettleiing. Dette kjem og tydeleg fram i tilstandsrapporten til Aurland og Lærdal barnevernsteneste for 2021. Oversikta over noverande tiltak i kommunen synleggjer få eller ingen førebyggande tiltak retta mot dei frå 12 år og oppover på universelt, selektivt eller indikativt nivå.

Det bør utarbeidast ein oppdatert og tilgjengeleg oversikt over kva fritidsaktivitetar som finst i kommunen, kven som organiserer desse og kva dei ulike aktivitetane kostar. Alle instansar knytt til arbeid med born og unge bør ha denne informasjonen, og ein bør gje systematisk informasjon om tilboda til innbyggjarane, til dømes gjennom foreldremøte på skulen. I tillegg



bør ein undersøke årsakene til at born og unge i mindre grad er med på organiserte fritidsaktivitetar enn tidlegare og vurdere å setje inn tiltak som lokalt samarbeid rundt fritidserklæringa. Det er blant anna mogeleg å søkje tilskot for å inkludere av born og unge gjennom Bufdir (2021,c).

#### *Ungdomslos/ungdomskontakt*

Ei samla attendemelding frå ressursgruppa på spørsmål om «korleis treffe ungdomsgruppa betre?» har gjeve innspel på behovet for ein ungdomslos eller ein ungdomskontakt i kommunen. Ein ungdomslos/ungdomskontakt skal følgje ungdomane på deira arenaer, både på skulen og på fritida, det vil seia ein miljøarbeidar som jobbar både på dagtid og på kveldstid. Ein slik person kan fungere som ein tillitsperson for ungdommane, bindeledd for foreldra og eit bindeledd mellom ungdomane, skulen og andre instansar. På denne måten har ungdomskontakten/ungdomslosen moglegheit til å vere tilgjengeleg og kjent for ungdommane også etter at dei byrjar på vidaregåande skule. Soleis har ungdomskontakt/ungdomslosen ei unik moglegheit til å ha oversikt over ungdomsmiljøet og deira utfordringar og behov, og på den måten vere ei stemme for desse ut til andre instansar og samfunnet elles. Det er mogleg å søke midlar til ein slik funksjon gjennom Bufdir.no (bufdir. 2021,c). Søknadsfrist for 2022 er enda ikkje oppgitt. Ein funksjon som ungdomslos/ungdomskontakt kan til dømes kombinerast med miljøarbeidarstilling på skulene.

#### *Tiltak for rusførebygging i kommunen*

I det rusmiddelførebyggande arbeidet er det mange faktorar som spelar inn. Eit av dei viktigaste tiltaka er å etablere gode og trygge oppvekstvilkår, leggje tilrette for god kvalitet i skule og barnehage og sikre oppvekstmiljø der born og unge føler seg inkluderte og delaktige. Tiltak som ivaretek heile familien, som motverkar sosioøkonomiske forskjellar og fremmar deltaking på fritidsaktivitetar og andre rusfrie arenaer er essensielt i dette arbeidet (Helsedirektoratet, 2018).

Lærdal kommune har ungdomsklubben «Kosen» som er ein rusfri møteplass for ungdommar mellom 13-18 år. Det er òg starta opp med klubb for alle i 7. klasse, hensikta er at 7.

klassingane skal bli kjende med klubben og med kvarandre før overgang til ungdomsskulen. Desse tilboda er det stor oppslutnad om. Ein ungdomskontakt/ungdomslos kan vere ein nøkkelperson og pådrivar for fleire rusfrie arrangement i samarbeid med ungdommane sjølve.

I tillegg handlar rusførebyggande arbeid om ein god og trygg heimesituasjon og om kva kultur og haldningar lokalmiljøet og dei ulike familiare har til rus og rusbruk. Mange av dei beskrivne førebyggande tiltaka i dette prosjektet vil ha ei positiv verknad på det rusførebyggande arbeidet då tiltaka handlar både om haldningsskapande arbeid i skulen, rettleiing og kompetanseheving hjå foreldre og personell i instansar som arbeidar med born og unge, styrking av skulehelsetenesta og om lik tilgang på fritidsaktivitetar for alle innbyggjarar. I tillegg til at ein systematisk skal ta opp temaet i svangerskapet og ved konsultasjonar i helsestasjonen. Ei tverrfagleg tilnærming er essensielt i det rusførebyggande arbeidet og formelt samarbeid mellom kommunale instansar, politi og frivilljuge organisasjonar er hensiktsmessig (Helsedirektoratet 2018). Plan for tverrfagleg samarbeid på system- og individnivå er utarbeida i dette prosjektet. Det bør i tillegg føreliggja ein ruspolitisk handlingsplan og ein folkehelseplan som overordna strategi i det rusførebyggande og førebyggande arbeidet, Lærdal kommune har ikkje desse planane pr. no.

#### *Tiltak for førebygging av vald i nære relasjonar*

I arbeidet med å førebygge og avdekke vald i nære relasjonar er det naudsynt med ei systematisk og kunnskapsstyrt tilnærming. Alle instansar som arbeider med born, unge og familiar bør ha tilgang på relevante metodar og verktøy i dette arbeidet (Helsedirektoratet, 2019). Det er viktig for å auke kunnskapen i kommunen sine instansar, men også i befolkninga elles. Sjå tiltaksplan (Vedlegg II) for aktuelle tiltak i dette prosjektet. I tillegg er det viktig at informasjon om korleis ein kan søkje hjelp når ut til heile befolkninga både gjennom undervisning i skulen og er lett tilgjengeleg via kommunen si nettside (Justis- og beredskapsdepartementet, 2021-2024; Prop. 12 S, 2016-2017 s. 13). Det bør òg utarbeidast ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar i kommunen slik at dette arbeidet også er godt forankra politisk og i kommunen sin leiing, dette er i tråd med anbefaling frå regjeringa.

### Samordna tverrfagleg samarbeid- samhandlingsmodell

Når det gjeld oppfølging av enkeltindivid manglar Lærdal kommune eit samhandlingssystem som sikrar systematisk, identifikasjon og oppfølging av utsette born og unge. Tverrfagleg samarbeid til det beste for born og unge er nedfelt i lovverka som regulerer dei kommunale og offentlege tenestene. Meld. St.6 (2019-2020) peikar på at det er godt dokumentert at det kommunale tverrfaglege samarbeidet ofte fungerer for dårleg. Ei av dei største utfordringane er mellom anna at: «Når de ulike sektorene ikke ser oppfølgingen av barn og unge med utfordringer i en helhet, kan barn og familier oppleve å bli kasteballer i systemet.» (meld.st. 6 2019-2020 s. 80-82). Dette er problematisk fordi utfordringar kan bli oversett, born og unges rett til medverknad ikkje blir ivareteke og fordi oppfølginga ikkje blir heilskapleg nok eller godt nok koordinert. Mangel på systematisk samhandling mellom offentlege instansar utan stor grad av brukarmedverknad har særleg konsekvensar for dei med langvarig behov for oppfølging frå det offentlege støtteapparatet. Utvikling av samhandlingsmodell i kommunane er eit satsingsområde nasjonalt og det finnst fleire tilskotsordningar blant anna gjennom Bufdir (2021,d).

Hensikta med å etablere eit felles tverrfagleg samhandlingssystem i kommunen er at hjelpa skal bli meir tilgjengeleg og tilpassa born, unge og deira familiar og at terskelen for å søkje hjelp skal bli lågare. Ein samhandlingsmodell vil òg sikre at born og unge sin stemme vert høyrde i sakar som omhandlar dei. Ved at hjelpa er nærare brukarane og at dei tidleg får rett og tilpassa hjelp kan ein førebygge at små utfordringar blir til store utfordringar. På denne måten kan ein løyse utfordringar på lågast mogleg nivå, og i tillegg kunne redusere talet tilvisingar til spesialisthelsetenesta. Det vil òg vere viktig i eit samfunnsøkonomisk perspektiv, til dømes når det gjeld førebygging av fråfall frå vidaregåande opplæring og å syte for arbeidsføre innbyggjarar i åra framover. Erfaringar frå prosjektarbeid hjå NAV Aurland og Lærdal syner at mange av deira brukarar har vore kasteballar i systemet heile eller store delar av oppveksten.

### *Søknad om tilskot til samhandlingsmodell*

Som nemnt over syner det seg eit stort behov for ein felles samhandlingsmodell i Lærdal kommune. Det finst mange slike modellar, og i kommunane rundt Lærdal er det teke i bruk fleire, (sjå vedlegg III- samanlikning av samhandlingsmodellar).

Ut i frå behovet for ein strukturert og utprøvd modell som ivaretek born, unge og familiar sine behov, og der det allereie ligg mange hjelpemiddel, ressursar og brei erfaring frå andre kommunar tilgjengeleg, vert det hensiktsmessig å søkje om midlar til BTI- modellen. I denne modellen ligg også verktøy som nyttast for å setje ord på bekymring, samt ein mal for korleis ein skal ta bekymringa vidare. BTI står for «Betre tverrfagleg innsats» og er ein godt utprøvd modell som mange kommunar i Noreg nyttar, også nabokommunane Årdal og Sogndal (Helsedirektoratet 2019). I tillegg har BTI- modellen ein felles plattform for dokumentasjon- «stafettlogg», som ivaretek brukarmedverknad og brukarens rett til innsyn i eigen sak. Det er mogleg og søke tilskot til modellen gjennom Bufdir (2021,d) sine nettsider. Søknadsportalen for 2022 er ikkje opna endå. Prosjektansvarleg Camilla Grøtnebø har ansvar for å søke etter midlane når portalen vert opna. Det vert òg hensiktsmessig at den som skal leie BTI- prosjektet har ansvar for å utarbeide og forbetre kommunens nettsider slik at modellen, tenester til born og unge og oversikt over fritidsaktivitetar og anna relevant informasjon vert samordna. Luster kommune (2021) har utarbeida eit godt døme på korleis ein kan bygge opp ei slik nettside.

### *Auka fokus på tidleg innsats og lågterskeltilbod i kommunen*

Oppvekstreforma legg vekt på at dei kommunale tenestene skal vere nærare brukarane slik at ein tidlegare fangar opp dei som har behov for oppfølging, men òg for at barn, unge og deira foreldre lettare skal kunne komma i kontakt med dei ulike tenestene. Ei slik organisering vert også hensiktsmessig i dette prosjektet. Fokuset på lågterskeltilbod og tidleg innsats bør vere i fokus allereie i frå barnet ligg i mors liv. Studiar syner at barnets tre fyrste leveår er avgjerande for vidare utvikling og læring. I denne perioden er òg samspelet mellom barnet og barnets næraste omsorgspersonar viktige faktorar for korleis barnet utviklar seg vidare. Eit nært samarbeid og god støtte til foreldre og føresette er avgjerande i det førebyggjande arbeidet, heilt i frå svangerskapet av (meld.st.6 2019-2020 s. 27).

I tillegg vert det naudsynt å oppdatere kommunens nettside for å samle og tydeleggjere tenester til born og unge, samt informasjon om korleis ein kan kome i kontakt med dei ulike instansane. Når det gjeld informasjon til ungdomsgruppa er det hensiktsmessig å nytte sosiale media for å nå ut til ungdommen på deira digitale arena, det vil vere ein fordel om ein eller to personar i kommunen har ansvar for å fylgje opp dette.

#### *Auke grunnbemanning i skulehelsetenesta*

Den eksisterande grunnbemanninga i skulehelsetenesta er 50% helsesjukepleiarressurs fordelt på barne- og ungdomstrinnet i kommunen. I takt med fleire og lovpålagte oppgåver i skulehelsetenesta er det behov for å auke denne ressursen.

Helsedirektoratet ynskjer ein rettleiar for anbefalt bemanningsnorm i helsestasjons- og skulehelsetenesta. Rettleiaren skal ta utgangspunkt i nasjonalfagleg retningsline for helsestasjons- og skulehelsetenesta (Helsedirektoratet, 2017a), og byggje vidare på Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetenesta (Helsedirektoratet, 2010), heretter kalla UHS. Ein slik rettleiar har komme for helsestasjonstenesta, men er under utarbeiding når det gjeld skulehelsetenesta. Difor er UHS nytta i denne utrekninga. Det er då verdt å ta i betraktning at UHS er 12 år gammal og at rammene for helsesjukepleiar sine oppgåver har endra seg i løpet av dei siste åra. Den største endringa skjedde i 2017 då rettleiaren *IS-1154 Kommunens helsefremmande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta* frå 2004 vart erstatta med ei nasjonalfagleg retningslinje. Innhaldsnormeringa i den nasjonalfaglege retningslinja er meir utfyllande enn tidlegare og helsestasjons- og skulehelsetenesta har langt fleire skal-oppgåver enn tidlegare (Helsedirektoratet 2017b s. 20). Ei utrekning etter bruk av UHS vil derfor vere eit absolutt minimum av behov. Ei auka bemanning i skulehelsetenesta vil sikre ei meir fagleg forsvarleg teneste og auke tilgjengelegheita på tenestene for born, unge, foreldre, lærarar og andre samarbeidspartnarar. Dette er fundamentet i helsestasjons- og skulehelsetenesta.

UHS (Helsedirektoratet 2010 s. 47) legg desse føringane:

Barneskule 1-7: «Ei helsesøster i 35 % stilling kan følge opp 100 skolebarn.»

Ungdomsskule: «Ei helsesøster i 18 % stilling kan følge opp 100 skolebarn.»

Utrekning av behov for helsesjuepleiarressurs i skulehelsetenesta etter normtal frå 2010:

Skule	Elevtal		Behov ressurs helsesjuepleiar
Lærdalsøyri barneskule	130	149	52.5 % stilling
Borgund skule	19		
Lærdalsøyri ungdomsskule	70	70	12.6 % stilling
Sum			65.1 % stilling

#### Koordinator for det tverrfaglege arbeidet

Det har blitt stilt spørsmål til ressursgruppa om korleis ein bør organisera det tverrfaglege arbeidet på systemnivå. Den generelle attendemeldinga er at dette arbeidet bør ligge til ein koordinator som syter for framgang og kontinuitet i arbeidet. Koordinatoren si oppgåve vil fyrst og fremst vere som ein organisator og tilretteleggjar, og ikkje møteleiar.

Det bør vurderast om koordinatorrolla skal rullere, til dømes annakvart år, men dette fordrar at den som har koordinatorrolla får frikjøpt tid til dette. I prosjektets fase for implementering vil det vere naturleg at koordinatorrolla ligg til prosjektleiar, som skal ha oversikt og tildelt tid til å fylje opp prosjektet.

I tillegg har ressursgruppa meldt om at det er behov for eigne årshjul for tverrfagleg arbeid på systemnivå. Det bør òg utarbeidast eit mandat for kva møtene skal innehalde, og kva som er hensikta med møtene. I tillegg bør det førast referat etter standard mal for å sikre standardisering og notoritet i arbeidet.

#### Plan for foreldrerettleiing

Attendemeldingar frå arbeidsgruppa syner behov for fleire programbaserte foreldrerettleiingstiltak i kommunen, men òg behovet for ein plan for lågterskel foreldrerettleiing til dømes i høve foreldremøte i barnehagane og på skulen. Dette kan gjerast gjennom å ha ein plan over relevante tema som skal takast opp i dei ulike alderstrinna. Ut i frå kva tema ein skal ta opp, kan ein kople på dei ulike hjelpeinstansane. På denne måten vert òg hjelpeinstansane meir synlege og tilgjengelege for foreldregruppa.

For å lukkast med både programbaserte og lågterskel foreldrerettleiing er det ein føresetnad at det utviklast ein felles plan for dette i kommunen, og at den er forankra i leiinga både i kommunen og einingane. Dette er naudsynt for å få ressursar og rammer for kor mykje tid kvar eining kan nytte til foreldrerettleiing i det daglege arbeidet. Det er òg naudsynt med ressursar til utdanning og kompetanseheving hjå dei som skal drive foreldrerettleiinga. Når det gjeld nokre av dei programbaserte rettleiingsprogramma, kan det vere hensiktsmessig med eit samarbeid med Aurland og Årdal for å sikre eit felles fagmiljø. Ei generell attendemelding er at ein koordinator bør ha ansvaret for opplæring og implementering av tiltaka i kommunen.

Planen for foreldrerettleiing bør utarbeidast som ein eigen tiltaksplan og involvere alle instansar og kommunens leiing i ein eigen prosess, for å sikre forankring og felles forståing. Det bør òg utarbeidast ein plan for rekruttering av familiar. Dette vil vere eit hjelpemiddel i den vidare implementeringa av programma. Eit tidleg framlegg til programbaserte foreldrerettleiingstiltak etter attendemeldingar frå arbeidsgruppa er (informasjon om dei ulike programma her henta frå Bufdir 2021b):

Program	Målgruppe	Kostnad
ICDP for flyktningar	Allereie igangsett	Allereie igangsett
DIALOG	Held fram som før	Held fram som før
Dei Utrulege Årene (DUÅ) (Sterk dokumentasjon på evidens)	Foreldre til born 0-12 år (universelt nivå og selektivt nivå)	Opplæring, materiale og rettleiing blir dekkja via årlege tilskot frå Helsedirektoratet til dei regionale kunnskapssentera RKBU/RBUP. Tenestene må sjølv dekke reiser og opphald i forbindelse med opplæring og rettleiing, samt driftsutgifter og tidsbruk til fagpersonar i tenestene.
Tuning into Teens	Foreldre til born og ungdom 10-18 år (universelt nivå og selektivt nivå)	7000,- i eingongsavgift
Evt. ICDP (noko dokumentasjon på evidens)	Foreldre til born og ungdom 0-18 år (universelt og selektivt nivå)	Bufetat har ansvar for å tilby rettleiaropplæring i alle

		landets kommunar og opplæringa er gratis.
<p>PMTO (Sterk dokumentasjon på evidens) Barnevernet hadde tidlegare denne kompetansen</p>	<p>Foreldre til born 3- 12 år (barnevernstenesta) (selektivt og indikativt nivå)</p>	<p>Opplæring, inkludert materiell og rettleiing for å bli PMTO-terapeut er gratis. Arbeidsplassen må dekke utgifter til reise- og opphald i forbindelse med kursdagar og rettleiing. Arbeidsplassen må også leggje til rette for at den som skal utdannast til PMTO-terapeut har moglegheit til bruke omtrent en 40% stilling i 1,5 år på opplæring, rettleiing og arbeid med familiar.</p>
<p>Familieråd</p>	<p>Alle familiar med born 0-18 år (barnevernstenesta) Eit familieråd er eit møte mellom familiens private nettverk og offentlege instansar. Målet med møtet er å komme fram til en plan som skal betre familiens, og då særskilt barnet sin situasjon (selektivt og indikativt)</p>	<p>Utgifter til familieråd er lønnsutgifter til familierådskoordinator, i tillegg til utgifter til bevertning osv.</p>

## Hovudaktivitetar

Sjå vedlegg II – tiltaksplan

## Tids og ressursplanar

Sjå vedlegg VI- Tids og ressursplan

## 7.0 Økonomi

Sjå vedlegg IIII- Budsjett

## 8.0 Kontraktar og avtalar

Sjå vedlegg VII- Prosjektmandat



## 9.0 Litteraturliste

Aurland og Lærdal barnevern. (2021). *Tilstandsrapport for Aurland og Lærdal barnevern*. Aurland og Lærdal barnevern.

Barnehageloven – bhl. 2005. *Lov om barnehager* (LOV-2005-06-17-64). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64?q=barnehageloven>

Barneombudet. (2021). *Å eie sin egen historie*. Barneombudet.  
<https://www.barneombudet.no/vart-arbeid/publikasjoner/a-eie-sin-egen-historie>

Barnevernloven – bvl. 1992. *Lov om barneverntjenester*. (LOV-1992-07-17-100). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova>

Bufdir. (2021a, 01. november). *Barnevernsreformen- en oppvekstreform*.  
<https://ny.bufdir.no/barnevernsreformen/>

Bufdir. (2021b, 31. desember). *Oversikt over foreldrestøttende tiltak*.  
[https://bufdir.no/Familie/foreldrestotte/oversikt\\_over\\_tiltak/](https://bufdir.no/Familie/foreldrestotte/oversikt_over_tiltak/)

Bufdir. (2021c, 01. desember). *Tilskudd til inkludering av barn og unge*.  
[https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke\\_om\\_tilskudd/Barn\\_og\\_ungdom/inkludering/](https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Barn_og_ungdom/inkludering/)

Bufdir. (2021d, 21. desember). *Tilskudd til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsatte barn*.  
[https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke\\_om\\_tilskudd/Barn\\_og\\_ungdom/Tilskudd\\_til\\_systematisk\\_identifikasjon\\_og\\_oppflg/](https://www.bufdir.no/Tilskudd/Soke_om_tilskudd/Barn_og_ungdom/Tilskudd_til_systematisk_identifikasjon_og_oppflg/)

Endringslov til velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator). 2021. *Lov om endringer i velferdstjenestelovgivningen (samarbeid, samordning og barnekoordinator)*(LOV-2021-06-11-78). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-06-11-78?q=lov%20om%20endring%20i%20velferd>

FN. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989*. FN.

Folkehelseinstituttet. (2021, 01. november). *Hent oppvekstprofil*.  
<https://www.fhi.no/fp/oppvekst/hent-oppvekstprofil/>

Folkehelseloven – fhl. 2011. *Lov om folkehelsearbeid*. (LOV-2011-06-24-29). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29?q=folkehelse>

Grunnlova – Grl. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov*. (LOV-1814-05-17). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn?q=grunnloven>

Grøtnebø, C. (2021). *Utviklingsmelding oppvekst Lærdal 2020/2021*. Lærdal kommune.

Helse- og omsorgstjenesteloven – hol. 2011. *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.* (LOV-2011-06-24-30). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30?q=helse%20og%20omsorg>

Helsedirektoratet. (2019). *Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/tidlig-oppdagelse-av-utsatte-barn-og-unge/fra-kunnskap-til-handling-hos-ansatte-som-arbeider-med-barn-og-unge#ansatte-som-arbeider-med-barn-og-unge-bor-handle-pa-bakgrunn-av-bekymring-for-barn-og-unge-praktisk>

Helsedirektoratet. (2018). *Lokalt rusmiddelforebyggende arbeid i et folkehelseperspektiv*. (IS-2784). Helsedirektoratet. [https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/lokalt-rusmiddelforebyggende-arbeid-i-et-folkehelseperspektiv/Lokalt%20rusmiddelforebyggende%20arbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf/\\_attachment/inline/3511e97b-06df-4af6-91df-13ca9e9af3c5:fd22cefb2a070a8e7a411f6ce81f4538875c371e/Lokalt%20rusmiddelforebyggenarbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/lokalt-rusmiddelforebyggende-arbeid-i-et-folkehelseperspektiv/Lokalt%20rusmiddelforebyggende%20arbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf/_attachment/inline/3511e97b-06df-4af6-91df-13ca9e9af3c5:fd22cefb2a070a8e7a411f6ce81f4538875c371e/Lokalt%20rusmiddelforebyggenarbeid%20i%20et%20folkehelseperspektiv.pdf)

Helsedirektoratet. (2017a). *Nasjonalfaglig retningslinje for helsestasjons- og skolehelsetjenesten*. Helsedirektoratet. <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/helsestasjons-og-skolehelsetjenesten>

Helsedirektoratet. (2017b). *Utredning av en bindende bemanningsnorm i helsestasjons- og skolehelsetjenesten*. (IS-2677). Helsedirektoratet. [https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utredning-av-en-bindende-bemanningsnorm-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/\\_attachment/inline/8d6d7734-d3cc-454a-8f6d-d9698d6cc567:63b4d245079e8d18310b17fd1a6394aab14cfcca/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utredning-av-en-bindende-bemanningsnorm-i-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/_attachment/inline/8d6d7734-d3cc-454a-8f6d-d9698d6cc567:63b4d245079e8d18310b17fd1a6394aab14cfcca/Utredning%20av%20en%20bindende%20bemanningsnorm%20i%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf)

Helsedirektoratet. (2010c). *Utviklingsstrategi for helsestasjons- og skolehelsetjenesten*. (IS-1798). Helsedirektoratet. [https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utviklingsstrategi-for-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/\\_attachment/inline/8a58834a-8bd4-424d-b741-41d694447639:8129412f157d03fef0975de933d5f0523a1428f9/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf](https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/utviklingsstrategi-for-helsestasjons-og-skolehelsetjenesten/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf/_attachment/inline/8a58834a-8bd4-424d-b741-41d694447639:8129412f157d03fef0975de933d5f0523a1428f9/Utviklingsstrategi%20for%20helsestasjons-%20og%20skolehelsetjenesten.pdf)

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Udir. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/>

Justis- og beredskapsdepartementet (2021-2024). *Frihet fra vold*. Justis- og beredskapsdepartementet.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/2dda3b36640d4dfbbac11598a1dc792/209755-  
id-frihetfravold-web.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/2dda3b36640d4dfbbac11598a1dc792/209755-<br/>id-frihetfravold-web.pdf)

Luster kommune (2021, 31. desember.) *Ung i Luster*. <https://www.luster.kommune.no/ung-i-luster.391463.nn.html>

Lærdal kommune. (2018). *Frå eldst til yngst*. Lærdal kommune.

Lærdal kommune. (2018). *Kommunal plan for inkluderande barnehage- og skulemiljø 2018-2020*. Lærdal kommune.

Lærdal kommune. (2019). *Plan for arbeidet for god psykisk helse hjå barn og unge i Lærdal kommune 2019-2020*. Lærdal kommune.

Meld. St. 6 (2019–2020). *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=1>

Opplæringslova – oppl. 1998. *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (LOV-1998-07-17-61). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61?q=oppl%C3%A6ringsloven>

Politi-loven – politil. 1995. *Lov om politiet*. (LOV-1995-08-04-53). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53?q=politiloven>

Prop. 12 S (2016-2017). *Opptappingsplan mot vold og overgrep*. Det kongelige barne- og likestillingsdepartement.

[https://www.regjeringen.no/contentassets/f53d8d6717d84613b9f0fc87deab516f/no/pdfs/  
prp201620170012000dddpdfs.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/f53d8d6717d84613b9f0fc87deab516f/no/pdfs/prp201620170012000dddpdfs.pdf)

Sosialtjenesteloven – sotjl. 2009. *Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen*. (LOV-2009-12-18-131). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131?q=sosialtjeneste>

Velferdsforskningsinstituttet NOVA. (2021, 01. november). *Resultat frå ungdatabundersøkinga i Lærdal kommune 2021*. <https://www.ungdata.no/rapporter/>

## 10.0 Vedlegg

